



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1309 - 16/9709

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
19.05.2016

Høyring - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for utlegging av flytebrygge på Landsvik, gbnr 51/60.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå OG Arkitekter AS, på vegne av tiltakshavar Egil Landsvik, motteke 11.05.2016, om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen sin arealdel pkt 1.6.7, jf plan- og bygningslova § 1- 8, for utlegging av ei flytebrygge på Landsvik, gbnr 51/60.

Planstatus:

Egedomen, gbnr 51/60, er i reguleringsplan for Naustvika, planid 125620021218 – definert som hamneområde. I føresegnene til kommuneplanen sin arealdel pkt 1.6.7 står det:

For bryggjer gjeld følgjande:

- På areal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustad, fritidsbustad eller naust) er arealføremålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl. § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m.

Omsøkt flytebrygge er ei enkel brygge og treng difor dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for tiltaket, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

tilgjenge.

Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål .

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdeling til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - reguleringsplan for Naustevika GBNR 51/11

kart og teikningar

51-60 1_1000

51-60 1_3000

Kopi til:

OG Arkitekter AS

Postboks 24

5819

BERGEN

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020
5020

BERGEN
BERGEN